




# **Utviklingsplan 2025-2026**

## **Lye ungdomsskule**



## Innhald

Innleiing .....	3
Overordna mål.....	3
Sektormål for grunnopplæringa .....	3
Overordna del av læreplanen .....	3
Kommunale strategiar og planar.....	4
Utviklingsområde 2024-2025 .....	6
Vurdering av utviklingsområda inneverande år .....	6
Utviklingsområde 2025-2026 .....	7
Utviklingsmål og tiltak 2025-2026.....	8

## Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for god involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må arbeida med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil arbeida mot.

Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for skulen. Kva utviklingsområde me hadde førre år, og kort om kva som har kome fram av ulike evalueringar undervegs. Det vil kort verta gjort greie for kva vurderingar som er gjort i prosessar med personalet og elevane for å koma fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområde, eller nye utviklingsområde.

I siste delen er utviklingsområda knytt til læringsmiljø og læringsresultat sett inn i ein tabell med mål, tiltak og korleis desse skal evaluerast.

## Overordna mål


### Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal arbeida for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

## Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

## Kommunale strategiar og planar

I «[Strategiplan Oppvekst 2023-2029](#)» er følgjande fem satsingsområde del av å definera retning mot felles mål i Oppvekst:

1. Trygge foreldre
2. Samhandling for førebygging og tidleg innsats
3. Inkluderande samfunn
4. Oppvekst og digitalisering
5. Rekruttera og behalda

I [Kvalitetsmelding for Timeskulen 2025](#) er det sett følgjande målsettingar ut frå satsingsområda i Strategiplan Oppvekst 2023-2029 som skulane skal arbeida mot:

### Læringsresultat:

Satsingsområde 2 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Samhandling for førebygging og tidleg innsats der målet er at; Alle elevane i Time begynner i vidaregåande opplæring eller i jobb etter 10-årig grunnskule.

- Resultata i rekning på 5. trinn skal vera på nasjonalt nivå på alle skulane.

- Resultata i lesing skal vera på nasjonalt nivå på 8. trinn.
- Grunnskulepoenga til elevane i Time skal ligga på regionalt nivå, med særleg fokus på tiltak som kan medverka at differansen mellom gutane og jentene sine resultat vert mindre.

### **Læringsmiljø**

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn.

Mål 2 Alle barn og unge melder at dei vert sett, høyrte og inkludert.

- Skulane skal følga opp tiltak og plan knytt til medverknad som er utarbeidd i elevrådet for ein framgang på 0,3 på spørsmåla knytt til vurdering for læring og elevane sin medverknad.

### *Gjennomføring i vidaregåande opplæring*

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn Mål 1 Trend viser at 9 av 10 fullfører vidaregåande opplæring i perioden

- Målet framover er at: 9 av 10 elevar frå Timeskulen skal gjennomføra vidaregåande opplæring

### *Auka handlingsrom i skulane*

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn

Tiltak Alle tenestene i Oppvekst skal vera med å dreia ressursar frå individnivå til fellesskapet

- I 2025 skal skulane arbeida med tiltak knytt til faktorar som dei ser er med på å oppretthalda ein praksis der det stadig blir fleire individuelle vedtak. Delmål på vegen i 2026 er at talet på barn med vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring (§11-6) og personleg assistanse (§11-4) og omfang i timar er halvert i alle verksemder.

«Laget rundt læraren og eleven» utarbeider årlege handlingsplanar (canvaser) som skal vera tett kople til utviklingsplanen. Aktuelle tiltak som LLE skal gjennomføra, og bidra med i arbeid mot målsettingar knytt til læringsresultat og læringsmiljø skal skrivast inn i kolonna som har tittelen *Tiltak* i skjemaet for komande utviklingsområde.

## Utviklingsområde 2024-2025

Følgande var utviklingsområde for Lye ungdomsskule skuleåret 2024-2025 (henta frå tidl. plan):

Læringsmiljø - elevmedverknad

Læringsresultat- lesing

## Vurdering av utviklingsområda inneverande år

### 2024-2025:

Analyse av data og prosessar i personalet, med elevane og føresette syner at elevane har ei positiv læringsutvikling. For avgangselevane våren 2024 ser me at dei låg på landsgjennomsnittet med tanke på grunnskulepoeng og over landet på eksamen i norsk, men litt under i engelsk. Når me ser på tall frå elevundersøkinga så ligg me over landsgjennomsnittet med tanke på medverknad.

Me vel å fortsetja med dei same utviklingsområda som i skuleåret 2024-2025. Det for å sikre stabilt gode resultat og at utviklingsarbeidet me har arbeida med blir ein del av det daglege arbeidet.

### 2025-2024:

August: For avgangselevane våren 2025 er resultatata i standpunkt og eksamen i basisfaga som følger:

### Standpunktresultat Lye ungdomsskule vs. nasjonalt våren 2025

Årstal	Norsk hovudmål - skriftleg		Norsk sidemål - skriftleg		Matematikk - skriftleg		Engelsk - skriftleg	
	LUS	Nasjonalt	LUS	Nasjonalt	LUS	Nasjonalt	LUS	Nasjonalt
2024-2025	3.8	3.9	4	3.8	3.8	3.6	3.9	4.3

### Eksamensresultat Lye ungdomsskule vs. nasjonalt våren 2025

Årstal	Matematikk	Engelsk	Lokalt gitt eks.NO	Gj.snitt lokal eks.
--------	------------	---------	--------------------	---------------------

	LUS	Nasjonalt	LUS	Nasjonalt	LUS	Nasjonal	LUS	Nasjonalt
2024-2025	3.4	3.5	4.1	4.0	4.5	4.5	4.1	

Me ser at elevane frå Lye ligg nokså jamt med resten av landet i standpunkt i norsk og matematikk – i engelsk ligg elevane våre 0.4 karakterer under det nasjonale snittet. På eksamen ligg og elevane våre jamt med landet – og i engelsk.

Forskjellen mellom standpunkt for jenter vs. gutar er 1.06 karakterar, for lokalt gitt eksamen er forskjellen 1.15 karakterar og for skriftleg eksamen 0.86 karakterar. Jentene er dei som samanlagt skårar høgast på karakterskalaen.

### Utviklingsområde 2025-2026

I lys av målsettingane som er sett i Strategiplan for oppvekst, Kvalitetsmelding for Timeskulen og eige kunnskapsgrunnlag, har Lye ungdomsskule valt følgjande satsingsområde for skuleåret 2025-2026:

**Læringsmiljø** - Elevmedverknad

**Læringsresultat** - Lesing

Utviklingsplanen blir justert to gonger i året på bakgrunn av oppdatert Kunnskapsgrunnlag og evaluering av Utviklingsplanen.

Tidspunkt for planlagde stopp punkt, og evaluering av tiltak opp mot delmål knytt til utviklingsområda 2025/2026:

Desember/ januar 2025/2026 (rundt terminslutt) og mai/juni 2026 (rundt skuleårets slutt)

## Utviklingsmål og tiltak 2025-2026

Grøne kolonnar: Måla skal koma til uttrykk i kva elevane skal oppnå

Kvite kolonnar: Tiltak skal omhandla kva skulen og lærarane skal gjera for at elevane skal nå måla

Mål for læringsmiljø og læringsresultat som er SMART- spesifikke, målbare, oppnåelege, relevante og tidsavgrensa

<b>Læringsresultat: lesing</b>				
<b>Læringsmiljø: elevmedverknad</b>				
<b>Effektmål</b>	<b>Resultatmål</b>	<b>Delmål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Evaluering/stopp punkt</b>
Kva vil dette føra til på lengre sikt?	Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål)	Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal desse oppnås og evaluerast? (SMARTE-mål)	Kva skal lærarane og/eller LLE setja i verk/gjera i praksis for å nå måla?	Kva tid og korleis?
<b>Læringsresultat</b>  Elevane er funksjonelle lesarar.	Elevane har progresjon på nasjonal prøve i lesing frå 8.trinn til	Elevane har tileigna seg lesestrategiar dei nyttiggjer seg av og som fører til betre	PPT er tett på i analyse av NP og utarbeiding av tiltak på klasse- og individnivå.  Lesetrening – tiltak på individnivå etter resultat NP og i samråd med PPT.	



	<p>9.trinn – minst 4 skalapoeng noko som tilsvara eit års god læring.</p> <p>Grunnskulepoenga ligg opp mot nasjonalt nivå samt at det er liten forskjell mellom gutar og jenter.</p>	<p>resultat i NP og resultat på del 1 på eksamen i norsk og engelsk.</p> <p>Elevane kan forstå, bruke, reflektere over og engasjere seg i tekstar og kan formidle dette munnleg og skriftleg.</p>	<p>Tilpassa tekstar til elevane sitt interesseområde.</p> <p>Klasselesekurs – ein periode kvart semester.</p> <p>Opplæring i læringsstrategiar for elevane, fokus på bruk av desse.</p> <p>Fokus på all lesing – stillelesing, høgtlesing, lese for læringsven mm.</p> <p>Arbeid med omgrep i tekstane elevane les, kombinert med tiltak ovanfor.</p> <p>Arbeid med kompetansepakke om Språkvanskar - leia av PPT</p>	<p>Evaluerast haustsemesteret, med resultat NP og i vårsemesteret etter standpunkt og eksamensresultat.</p> <p>November: Screening vha Dysmate av elevar som skårar på nivå 1 og 2 i lesing på NP.</p> <p>Screening vha. Dysmate av alle klassane i mars/ april for å følge med på leseutviklinga.</p>
--	--	---	---	--



<p><b>Læringsmiljø</b></p> <p>Elevane opplever skulen som engasjerande og at dei har reel medverknad i vurderings- og arbeidsmetodar</p>	<p>Skulen har ein framgang i elevundersøkinga på 0,3 på spørsmåla knytt til vurdering for læring og elevane sin medverknad</p>	<p>Elevane får val mellom minimum 2 vurderingsmetodar minst ein gong per fag per semester.</p> <p>Elevane får kome med innspel ved oppstart av nytt tema relatert til vurderingskriterier, metode og læringsaktivitetar.</p>	<p>I periodeplanen er det punkt om vurdering – elevane skal takast med på råd og val om vurderingsmetode og kriteria.</p> <p>Elevane får komme med innspel om kva læringsmetodar og aktivitetar dei lærer best av.</p>	<p>For personalet - fortløpande på fag- og driftsmøter og ved evaluering av utviklingsplanen.</p> <p>Elevane får spørsmål på elev- og utviklingssamtalen om medverknad, vurderingsmetodar, vurderingskriterier, læringsmetodar og læringsaktivitetar.</p> <p>Evaluering i haust- og vårsemesteret. I analysearbeidet ser med blant anna på resultat frå elevundersøkinga. Analysane</p>
--	--	--	--	---



				skal gjerast i personalet og LLE. FAU, SU og elevråd skal bli orientert og få koma med innspel.
--	--	--	--	--

